

Tida ute for småbrukaren?

Erik Stenvik

Produser meir med mindre gift, er kravet til jordbruket. Men får vi i pose og sekk?

Erik Stenvik (fødd 1946) er gardbrukar på Namdalseid; er styremedlem i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Den gong lykka var ein grå Ferguson, kjøpt med offentleg godkjenning. Den grå jernhesten var sjølve varslet om ei ny tid. Betre enn all statistikk fortel inntoget av traktoren kva som skjedde i norsk landbruk etter krigen. Den lykkelege eigaren fann fort ut at den gamle hestereiskapen ikkje dugde til å henge etter traktoren. Toskjers plog og ny harv måtte til. Men så gjekk det unna òg, våronna tok berre dagar mot veker før. Mot eit rimeleg vederlag tok han kanskje onna for grannen i tillegg. Grannen forsto snart at tida var ute for hesten hans – men forsto han at tida òg var ute for han?

Dei dramatiske endringane på den norske landsbygda fekk vi først etter krigen. Før den tid var jordbruket eit arbeidskraftmagasin som kunne ta imot hender det ikkje var bruk for andre stader. Endringane var aldri større enn at tidlegare generasjonar ville ha kjent seg att i bygda. Etter krigen var det eit politisk mål å gjere Norge til ein moderne industrinasjon – arbeidskrafta skulle hentast frå primærnæringane.

Vekk med skigardane

Framtidsbøndene måtte skaffast armlag. Skigardane måtte vekk. Politikarane og sosialøkonomane såg for seg at det i hovudsak skulle vera ei «friviljug rasjonalisering». Men det gjekk ikkje fort nok. Det måtte påskuv til. I 1955 fekk vi ei ny jordlov. Den gamle lova frå 1928 tok sikte på oppdeling av gardar og nytablering for å skape ei klasse av jord-

arbeidarar som samstundes var jordeigarar. Den nye lova skulle fremje etableringa av berekraftige familiebruk. Målet no var å hindre oppdeling, og gjennom ekspropriasjon og forkjøpsrett skaffe tilleggsjord. Tanken var vel at berre gardane vart store nok, skulle dei greie seg utan statlege overføringer. Røyndomen har vist noko anna.

Men sjølv med den nye lova gjekk ikkje utviklinga fort nok. Det måtte økonomisk tvang til. Inntektsskilnadene i jordbruket har aldri vore vilkårlege. Kanaliseringspolitikken vart gjennomført ved at ein premierte kornproduksjon økonomisk framfor husdyrhald. Gjennom jordbruksavtalane bestemmer ein framleis kva slag produksjon og brukstypar som skal få mest i arbeidsvederlag. Dette er uttrykk for ei prioritering og eit signal om kven som er tiltenkt plass i framtidsjordbruket.

I etterkrigstida er sysselsettinga i jordbruket redusert frå 300 000 til 100 000 årsverk. Men det gjev ikkje rett inntrykk utan vidare å samanlikne desse tala. Dei 300 000 årsverka omfattar mykje som fell utanom oppgåvene til den moderne bonden. For 40 år sidan vart mykje av råvarene forelda på garden. Mjølka vart til smør og ost heime eller på stolen. Dyra vart slakta heime før dei vart førde til marknaden som kjøt. Transporten var det oftast bøndene sjølve som stod for. Mykje av reiskapen vart framstilt eller vølt i smia. Tilfang til gjerde og bygningsvirke vart henta i skogen. I dag er det i regelen andre som har teke over desse oppgåvene og fleire til. Ikkje til



Framsteg I: Familiebiletet er flytta frå finstova til traktoren.

(Ukjend fotograf/
Samfoto)

å undrast over at berre om lag ein tredjedel av totalinntekta i jordbrukskunet går til bøndene sjølve.

Produktivitetsjaget

Berre frå 1979 og fram til no er sysselsettinga i jordbrukskunet redusert med 30 000 årsverk, og talet på bruk har gått attende i same takt. Dette er òg ein måte å framstille produktivitetsveksten på. Og denne utviklinga held fram. Mest 10 bruk blir lagde ned kvar dag. Det er anten naboen eller naturen som tek over.

Men kva med dei gardane som blir att? Korleis grip produktivitetskravet inn i kvardagen der? Inntektsmålet for jordbrukskunet føreset ein akkord som set krav til så vel avdrått og avling som arbeidseffektivitet. Til saman føreset desse normane ei viss produktmengd pr. årsverk. Når dette blir kopla til eit betalingssystem som i hovudsak er knytt til produktmengd, er det klart at den som ikkje

fyller akkorden står i fare for å ramle av lasset. Denne akkorden føreset eit driftsopplegg med sterke mekanisering. Det føreset t.d. at ein sprøyter i staden for å nytte manuelle metodar i ugraskampen. Og moderne, effektiv mjølkeproduksjon føreset at kyrne står inne heile året. Det er spill av avling og arbeidskraft å sleppe dei ut, slik at dei kan ete graset av bakken sjølve, dessutan mjølker dei mindre da. Dette driftsopplegget som kallast null-beiting, krev eigentleg ein ekstra traktor på bruket som kan stå med fôrhaustaren tilkopla heile sommarhalvåret. Det føreset automatisering av fôringa, større lagerplass og meir effektiv spreieutstyr for husdyrfrau. Fôrhaustaren som slo gjennom på 60-talet stilte krav om større traktorar. Det skal mykje energi til for å blåse rått gras opp i tilhengaren, og sidan transportere dei store vassmengdene inn. Men lettvert var det samanlikna med å tørke graset på hesjer. Sidan har vi fått nye metodar, som to-trinnshausting og rundballe-ensilering, som krev enno fleire og større traktorar. Ein vanleg traktor i dag veg gjerne både 3 og 4 tonn. Med lass attåt kan det bli tale om 8–10 tonn. Den tunge reiskapen pakkar jorda og vi får det som kallast strukturskadar. I delar av landet er avlingsnivået redusert som følgje av desse skadane. Avlingane kan berre bli halde oppe

gjennom store mengder av dei lettloystelege næringsalta vi finn i handelsgjødsel. Og småbrukaren strir for å henge med. Ved neste korsveg er det kan hende han som skal hektast av for at produktivitetsveksten skal halde fram.

Kjukling eller sau?

Alle dyreslag er ikkje like produktive. Storfe, og endå meir småfe, fell gjennom i høve til svin og fjørfe om ein samanliknar kjøtmengd

produsert pr. årsverk. Grashausting til desse drøvtyggjarane tek lenger tid enn å tingje kraftfør med tankbil. Det er berre å ringe og bestille til svin og fjørfe. Sterke krefter arbeider for at ljose kjøtslag skal ta over meir av marknaden ved å vri litt på pristilhøvet mellom kjøtslaga. Dei siste åra er det bygd opp fjørfeslakteri kringom i landet, staten har prioritert utbygging av broilerfarmar med offentleg finansiering gjennom Landbruksbanken. Samstundes er det sett stoppar for utbygging for sau. Dette tyder at for kvart

Framsteg II: Mindre slit og færre hender.
(Den norske småbrukaren, Samlaget. 1988)

årsverk ein bygger opp i kjuklingproduksjonen i sentrale strok, riv ein føtene unna 15–20 årsverk i sauehaldet i utkantane. Slik må det vere når kjøtmarknaden her i landet allereie er sprengt, og anna fornuftig avsetning ikkje finst.

Produktivitetsforsking

Professor Berge ved Norges Landbrukshøgskole uttala seg slik i Bondebladet i fjor: «Det er ikkje spørsmål OM det vil komme ein mjølkerobot, nye system for føring og stell i storfehaldet og i andre av husdyrproduksjonane. Det er berre spørsmål om NÅR». Slike karar skal ein høyre på. Ikkje avdi dei har meir vett og forstand enn anna folk, men dei har ein posisjon som gjev makt. Spådomane deira kan lett bli sjølvoppfyllande. Mjølkeroboten finst og er under utprøving. Kjem han hit, er dei strukturendringane vi til no har sett berre småting. Denne teknologien føreset lausdriftsfjøs med buskapar frå minimum 50, helst 100 kyr og oppover. Her i landet er gjennomsnittsbuskape på 12 kyr.

Berge, som er professor i bygningsteknikk, er eit døme på ein forskar som med klare politiske overtonar uttalar seg om ting som ligg utanom eige fagområde. Landbruksforskinga er nesten utan unnatak produktivitetsforsking. Større avlingar, høgare avdrått, ny teknologi for å erstatte arbeidskraft er forskarane opptekne av.

Denne produktivitetsforskinga tek ikkje omsyn til naturressursane. Manglande areal vert kompensert med innkjøpt fôr, men no har det gått så langt at mange bruk ikkje ein gong har areal til å spreie mòkka på. I desse dagar er styresmaktene i ferd med å innføre eit minste-krav til spreieareal for kvar dyreining. 13 000 – 15 000 bruk blir råka av desse føresegnene. Det høyrer med til soga at mange av desse bruken er utbygde etter offentlege planar.

Storbrukar av energi

Om vi tek med andre innsatsfaktorar enn arbeidskraft og areal er det moderne, høgpro-

duktive jordbruket slett ikkje effektivt. Fram til etter krigen var jordbruket i hovudsak sjølvforsynt med energi. I dag set vi inn 5–6 gonger så mykje energi som det vi finn att i sluttproduktet. Den går til framstilling av maskinar, handelsgjødsel, kraftfôr, transport, drivstoff osb. I alt vesentleg er det tale om fossil energi som ikkje fornyast. Denne vettlause sløsinga med avgrensa ressursar er den eigentlege årsaka til miljøproblema. Om ein set inn i eit produksjonssystem meir ressursar enn det ein vinn att i produktet, må resten ut att som avfall. Heile industrivekstsamfunnet er eit slikt system, og det industrialiserte jordbruket er ikkje noko unnatak. Landbruket er i dag ei ureiningskjelde fullt på høgd med industrien. Mange vassdrag er øydelagde av avrenning frå jordbruksareala. I område med konsentrert husdyrhald er det naturgjødsela som er årsak. I husdyrlause område med mykje open åker er det jorderosjonen. Og desse problema kan ikkje løysast gjennom tette gjødselkummar og meir teknologi. Det er sjølvé systemet som er i krise. Dei dyre maskinene har elles gjort landbruket til eit kapitalsluk som for lenge sidan har knust myten om det berekraftige bruket. Over heile den industrialiserte verda, også i USA, må det store statlege overføringer til for at bøndene skal overleva.

To bondeorganisasjonar

Norske småbrukarar kan velje mellom to faglege organisasjonar, men mange av dei organiserer seg slett ikkje. Det kan skuldast ei kjensle av at det ikkje nyttar. Av dei som organiserer seg, ser det ut til at eit fleirtal vel Norges Bondelag, ein organisasjon som heile vegen har vore pådrivar for strukturrasjonaliseringa. Ofte er det nok sosiale årsaker til dette valet. For mange er medlemskap i Bondelaget ein billett til «det gode selskap». Attom dette kan det ligge manglande sjølvkjensle, men òg vona om å vera mellom dei som skal overleva. Norsk Bonde- og Småbrukarlag har hatt stor framgang det siste tiåret, men er framleis ein liten organisasjon i høve til Norges Bondelag. Mellom medlemmar og tillitsvalde i Småbrukarlaget finn ein mange med utdanning og yrkeserfaring utanom jord-



Framsteg III:

Ferguson. Den grå slitaren fra 1940-åra.
(Lars Hesselmark/
Mira - Samfoto)

bruket. Denne organisasjonen har slege til lyd for ein alternativ landbrukspolitikk som inneber at alle gardsbruk skal haldast oppe. I jordbruksforhandlingane skal organisasjonane i lag representere jordbruket andsynes staten, men om organisasjonane ikkje blir samde, kan staten velje å forhandle med ein av dei.

I forhandlingane er småbrukaren god å vise til for å gjøre ramma størst mogleg, da er det mykje omsut for utkantar og vanskelegstilte bruk. Når derimot pengane skal fordelast, vert han plassert nedst ved bordenden, og om han ikkje ter seg fint vert han hive på gangen. Opp gjennom 80-åra har NBS fleire gonger brote forhandlingane på spørsmål om fordeling og effektivitetsinnstrammingar. I slike høve har anten Stortinget fastsett oppgjeret, eller så har staten gjort avtale med Bondelaget. Slik vart det i vår òg da Småbrukarlagen måtte gå ut av forhandlingane etter at dei sa nei til skjerping av avdråttskravet i mjølkeproduksjonen.

By vs land som i-land vs u-land

Sjølvsgart kunne ein tenkje seg at ein kunne løyse problema på reformistisk vis ved at ein gjennom forhandlingane snudde utviklinga. Ein kunne m.a. premiere bruken av lokale, sjølvfornyande ressursar samstundes med at ein straffa bruken av energi og maskinar med avgifter. Men så beint fram er det ikkje. For bygdene fungerer for byane om lag som u-landa gjer for i-land. Dei er leverandørar av arbeidskraft og råvarer. Og framfor alt, dei er ein viktig marknad for varer og tenester som vert produserte sentralt. Slik er jordbruket ein integrert del i industri-vekstsamfunnet.

Det er vanskeleg å sjå for seg at småbrukaren sine interesser fullt ut kan vinne fram gjennom jordbruksforhandlingane, slik at utviklinga blir snudd. No har regjeringa sett ned eit utval under leiing av Håvard Alstadheim som skal legge fram ei utgreiing om landbrukspolitikken. Ei stortingsmelding skal så på grunnlag av utgreiinga stake ut kurset vidare. Småbrukaren kan berre vone at denne meldinga kjem fram til ei klår prioritering mellom dei ulike målsettingane for landbruket, slik at omsynet til ressursar og miljø, busetnad og sysselsetting kjem i første rekke. Til no har desse måla måtta vike for kravet til produktivitet.



Jordbruks politikk er verdival

Vi får vel helst det jordbruket vi fortener, for det er vanskeleg å sjå for seg ei anna utvikling i jordbruket enn i samfunnet elles. Det er eigentleg eit spørsmål om verdival og samfunnsmål. Politikarane er med få unnatak sørgeleg samstemte om at meir vekst er det vi treng, og det tyder meir forbruk og ureining. Ein kan mest ikkje opne ei avis eller slå på radioen før ein eller annan framstegsoptimist ber fram omkvædet om at vi må flytte arbeidskrafta frå skjerma næringar til valutaskapande verksemد slik at vi kan halde fram med å auke levestandard, kjøpekraft og forbruk. Dei seier ikkje noko om at dette føreset at storparten av menneska på jorda må svelte for at vi skal kunne grafse i ressursane slik vi gjer. Og folk flest er avsjela av marknadsføring og fjernsynskanalar, vi er reduserte til konsumentar. Det er mennesket som konsument industrisamfunnet treng.

Småbrukaren stirr med sitt. Arbeidet lyt gjerast, og arbeid er det nok av. *Han* har ikkje tent noko på produktivitetsframgangen. Kvar gong han skaffa seg nye maskiner, slik at han kunne produsere meir på stuttare tid, var det andre som visste å ta inn slakken. Er han

*Det skal god rygg til
for dette framsteget.
(Finn Aasum/
Samfoto)*

interessert i kva samfunnet meiner om det han gjer, får han vite at det han driv med er ein utgiftspost på statsbudsjettet. Men det er òg dei som ser at småbrukaren kunne vere ein del av løysinga på dei alvorlege trugsmåla mot etterkomarane våre. Han er den som framleis veit kor maten kjem frå, og korleis kroppen kan nyttast til arbeid. Han veit òg korleis dyra skal takast vare på, slik at dei trivst og held seg friske. Og framfor alt, han er berar av ein tradisjon og ein kulturarv som kan tene som ei motvekt mot kommersialiseringa som forgiftar samfunnet.

Det er berre å vedgå at det skal ein alvorleg snunad til for at den norske småbrukaren skal vere liv laga. For det er med han som med sauens, han let seg ikkje industrialisere. Men om no det verste skulle skje – ein dag vert dei båe kanskje djupt sakna.